



KYSTVERKET

MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE
Postboks 2500
6404 MOLDE

Dykkar ref
2019/12120 -
41261/2021

Vår ref
2021/4184-2

Arkiv nr

Sakshandsamar
Tormod Hjørungnes Engen

Dato
28/05/2021

Fråsegn til høyring av Regional vassforvaltningsplan for Møre og Romsdal 2022 – 2027

Viser til dykkar høyringsbrev 12.03.2021 vdr ovannemnde.

Om Kystverket

Kystverket er ein nasjonal etat knytt til Samferdselsdepartementet med fagleg ansvar for kystforvaltning og sjøverts ferdsle. Kystverket skal gjennom handsaming av planar og tiltak ta vare på føremålet med «Lov om havner og farvann». Føremålet med lova er å fremje sjøtransport som transportform og legge til rette for effektiv, sikker og miljøvenleg drift av hamn og bruk av farvatn, med omsyn til eit konkurransedyktig næringsliv og nasjonale forsvars- og beredskapsinteresser.

Kystverket i vassforvaltningsarbeidet

Det er i kystvassførekomstane Kystverket i hovudsak har sitt virke, og i arbeidet med vassforvaltningsplanane har Kystverket som sektoretat plikt til å bidra med informasjon, kunnskap og overvåkingsdata knytt til eige fagområde.

Det lovmessige virkemiddelet Kystverket forvaltar i vassforvaltningsarbeidet er i hovudsak knytt til:

- vilkårssetting i enkeltvedtak (etter hamne- og farvasslova) for å unngå/reducere negativ påverknad på miljøtilstanden i vassførekomsten
- myndesutøving ved akutt forureining med heimel i forureiningslova, gjeld alle typar akutt forureining og i alle typar vassførekomstar og på land


Kystverket har elles gjennom si operative verksemd ein førebyggjande funksjon ved å:

- redusere risikoen for ulykker og akutt forureining gjennom å sikre og utbetre farvatnet for skipstrafikken
- redusere miljøskadar frå akutt forureining ved å inneha ansvaret for statens beredskap mot akutt forureining

Sentral postadresse: Kystverket, postboks 1502,
6025 ÅLESUND

Telefon: 07847
E-post: post@kystverket.no
Internett: <https://kystverket.no>

Org.Nr.: 874783242
Bankgiro: 7694 05 06766



Kunnskapen om kystvatn

Tidlegare har Kystverket peika på at kunnskapsgrunnlaget har framstått som mangelfullt. I siste planperiode er det gjort ein del oppdateringar i Vannett og Kystverket har gjennomført ein litteraturstudie (ligg som vedlegg til denne fråsegna) av ulike fysiske påverknadar på kystvatn frå maritim infrastruktur. Dette har generelt auka kunnskapsgrunnlaget når det gjeld kystvatn. Kystverket vil likevel fortsette arbeidet med ytterleg oppdatering av kunnskap om påverknadar frå maritim infrastruktur på økologisk og kjemisk tilstand i kystvatn og elles tilføre «Vannmiljø» miljødata frå eigne utbyggingstiltak/farleitiltak.

Kystverket og maritime infrastrukturar

Kystverket har gjennom tidene stått for bygging, vedlikehald og eigarskap av maritime infrastrukturar som moloar, mindre kaier og utdjuping/muddring for å tene fiskerinæringa. På landsbasis er desse infrastrukturane fordelt på omlag 660 såkalla statlege fiskerihamner der Kystverket har hatt forvaltningsansvaret i medhald av hamne- og farvasslova. Gjennom ny revidert hamne- og farvasslov og politiske vedtak i stortinget er denne status endra i løpet av siste planperiode.

Kommunane har no teke over forvaltningsansvaret for fiskerihamnene og eigarskapet til hamneanlegga (moloane, kaiene) er vedteke overført til fylkeskommunane. For fylka sør om Stadt er eigarskiftet allereie gjennomført medan for fylka nord om Stadt er overføringa i prosess.

Det betyr at fylkeskommunen vil som eigar av hamneanlegga få eit tiltaksansvar der desse evt utgjør ein vesentleg påverknad i vassførekomstar med dårleg/moderat økologisk miljøtilstand.

Vassforvaltningsplanen for Møre og Romsdal vassregion

Rulleringa av planen (forvaltningsplanen, tiltaksprogrammet, handlingsprogrammet) for Møre og Romsdal vassregion er basert på eit omfattande arbeid med medverking frå sektoretatane, kommunane, vassområda, næringar, lag og organisasjonar. Det som i plandokumenta er nedfelt omkring hovudutfordringar, miljøtilstand, miljømål, prioriteringar og tiltak for vassregionen synest fornuftig og riktig ut frå det kunnskapsgrunnlag som føreligg og dei ressursar som er tilgjengeleg for dei ulike sektorane.

Kystverket finn difor ikkje særskilt å merke til form og innhald i dei tre dokumenta i planen anna enn at figur 3 (side 5) i tiltaksprogrammet som syner ein tabell med antall tiltak fordelt på utførande sektoretat må korrigrast.

Tabellen er generert ut frå tiltaksmodulen i VannNett der Kystverket ligg inne som utførande etat på to tiltak som ikkje lenger er aktuelle og eitt som ikkje er planlagt. Såleis må også tiltaksmodulen i VannNett for dei vassførekomstane det gjeld også korrigrast.

Dette gjeld tiltaka:

«1101-168-M Roald hamn - tiltak i for sjøbotn» Der har kommunen fråfalt planane om (miljø)mudring

«1101-220-M Gjersvika - Vurdering av miljøtiltak i samband med planlagd utbygging/mudring/utvikling av område» Der har Kystverket gjennomført og avslutta tiltaket.

«1101-153-M Kristiansund indre hamn - opprydding av sediment» Der har virkemiddeleigar enno ikkje planlagt tiltaket og Kystverket ikkje førespurt om deltaking.

Til sist vil Kystverket berre nemne det generelle behov for endå betre kunnskap om dei mange vassførekomstane i regionen og med det eit sikrare grunnlag for tilstandsvurdering, prioritering og målretta tiltak. Vi vonar forvaltningsplanen vil verte ei ein god reiskap for å fokusere på verdien av god vasskvalitet og for å tilføre ressursar til det viktige arbeidet med forvaltning av vatnet vårt.

Med helsing

Jan Morten Hansen
avdelingsleiar

Tormod Hjørungnes Engen
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Eksterne kopimottakere:

Fiskeridirektoratet
Statsforvalteren i Møre og Romsdal

Postboks 185 Sentrum
Postboks 2520

5804 BERGEN
6404 MOLDE

Vedlegg:

1 Effekter av maritim infrastruktur på økologisk tilstand_juni2017 pdf